NORSK utgave

**KOMMISJONSVEDTAK** **2002/EØS/47/10**

**av 26. september 2000**

**om endring av vedtak 96/603/EF om utarbeiding av lista over byggjevarer som høyrer inn under klasse A «Bidrar ikke til brann» i vedtak 94/611/EF om gjennomføring av artikkel 20 i rådsdirektiv 89/106/EØF om byggevarer (*)**

[*meldt under nummeret K(2000) 2640*]

(2000/605/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer([1]), endra ved direktiv 93/68/EØF([2]), særleg artikkel 20, og

ut frå desse synsmåtane:

1) Ved kommisjonsvedtak 96/603/EF([3]) vart det utarbeidd ei liste over byggjevarer som høyrer inn under klasse A «Bidrar ikke til brann» og er fastsette i tabell 1 og 2 i vedlegget til kommisjonsvedtak 94/611/EF([4]), og som gjer greie for det europeiske systemet for klassifisering av byggjevarer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad.

2) Vedtak 94/611/EF er vorte bytt ut med kommisjonsvedtak 2000/147/EF([5]), der det ikkje vert vist til klasse A, noko som gjer det naudsynt å endre vedtak 96/603/EF.

3) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggjeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I vedtak 96/603/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 1 skal første leddet lyde:

   «Dei materiala som er førde opp i vedlegget til dette vedtaket, og byggjevarer som er framstilte av dei, skal på grunn av den låge brenneevna si og på dei vilkåra som òg er oppførde i vedlegget, klassifiserast i klasse A1 og klasse $A1_{FL}$, slik det er fastsett i tabell 1 og 2 i vedlegget til vedtak 2000/147/EF.»

2. I vedlegget vert det gjort følgjande endringar:

   a) Tittelen skal lyde:

      «Materiale som skal klassifiserast i brannmotstandsklasse A1 og $A1_{FL}$ i vedtak 2000/147/EF utan at prøving er naudsynt».

   b) I dei allmenne merknadene vert det gjort følgjande endringar:

      i) I første og tredje leddet vert «klasse A» bytt ut med «klasse A1 og klasse $A1_{FL}$».

      ii) I første og fjerde leddet vert «(den lågaste verdien skal nyttast)» endra til «(den høgste verdien skal nyttast)».

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 258 av 12.10.2000, s. 36, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 3/2002 av 1. februar 2002 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa nr. 18 av 4.4.2002, s. 4.

([1]) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

([2]) TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

([3]) TEF L 267 av 19.10.1996, s. 23.

([4]) TEF L 241 av 16.9.1994, s. 25.

([5]) TEF L 50 av 23.2.2000, s. 14.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 26. september 2000.

*For Kommisjonen*

Erkki LIIKANEN

*Medlem av Kommisjonen*